



› 5 Oppvekst

Rammeområde 5 oppvekst omfattar barnehage, grunnskule og vaksenopplæring. Barnehagane og skulane i Giske kommune gir gode oppvekstvilkår for barn og unge. Vi har to kommunale barnehagar og fem grunnskular som alle er sjølvstendige resultatiningar. Det er skulefritidsordning – SFO – ved alle barneskulane. I tillegg har avdelinga ansvar for oppfølging og finansiering av seks private barnehagar. Spesialpedagogisk team har ansvaret for barn med behov for spesialpedagogiske tiltak i førskulealder.

Teneste	5 OPPVEKST	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
	Alle tal i heile 1000						
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	81 131	80 517	82 747	82 231	82 231	82 231
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	7 704	7 354	9 910	9 910	9 910	9 910
2120	GRUNNSKOLE	106 229	103 533	107 281	103 370	103 370	103 370
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	874	729	1 069	1 069	1 069	1 069
2130	VAKSENOPLÆRING	2 778	659	3 721	3 721	3 721	3 721
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	918	1 222	2 238	1 846	1 846	1 846
2220	SKOLELOKALER	-16	16	0	0	0	0
2230	SKOLESKYSS	1 981	1 593	2 065	2 344	2 344	2 344
	Sum ramme 5 OPPVEKST	201 600	195 622	209 031	204 491	204 491	204 492

5.2 Utfordringsbilete

- Lærarnormen krev auka lærarinnsats, om lag 4 årsverk meir i ordinær undervisning i 2019-20 enn i 2018-19.
- Fagfornyninga – nye læreplanar skal setjast i verk 2020
- Snarleg avklaring og eventuelt implementering av ny skulestruktur og struktur for leing i skulen jf. igangsett utgreiingsarbeid
- Høgt tal på elevar med spesialundervisning og høgt tal på årsverk brukt til spesialundervisning går på bekostning av tilpassa opplæring og tidleg innsats. Oppfølging og iverksetjing av tiltak vedteke av kommunestyret.
- Vidareføre leiarprogrammet "To fram" i barnehagane i samarbeid med Sula kommune og Ringer i vann.
- Innføre programmet "På sporet" for elevar som står i fare for å utvikle lese- og skriveanskar

- Vidare arbeid med digitalisering
- Vidareføre arbeidet med TALK-prosjektet, sosiale læreplanar for menneske med høgtfungerande autismespekterforstyrrelse.

5.3 Tenesteområde

Kjerneverksemd	Tal brukarar 2019	Tal brukarar 2020	Årsverk 2019	Årsverk 2020
Grunnskular *	1 182	1 177	146	152
2 komm. bhg	128	125	32	
6 priv. bhg	448	452	-	-
Spesped bhg **	98			
Norsk og samf. for innvandrarar ***	21		-	-
Grunnskule vaksne	8	3	-	-
Administrasjon oppvekst	-	-	3	3

* GSI (Grunnskolens Informasjonssystem)

** BASIL (Barnehagens Statistikk og Innrapporteringsløsning)

*** Giske kommune kjøper tenesta frå Folkeuniversitetet, og har difor ikkje egne tilsette. Tal brukarar i 2020 er svært usikkert.

5.4 Årsverk

2018-19	Giske Oppvekstsenter	Godøy skule	Valderøy barneskule	Valderøy ungdomsskule	Vigra skule	SUM
Rektor/avdelingsleiar	1,3	1,8	2,0	1,8	2,0	8,9
Undervisningspersonale	9,9	21,3	32,7	25,2	18,1	107,2
Assistent	3,2	2,3	6,3	1,6	2,0	15,2
Anna personale i elevretta arbeid	-	-	1,7	1,0	-	2,7
Kontor	0,2	0,7	0,8	0,5	0,3	2,5
2019-20	Giske Oppvekstsenter	Godøy skule	Valderøy barneskule	Valderøy ungdomsskule	Vigra skule	SUM
Rektor/avdelingsleiar	1,0	1,8	2,8	1,6	1,8	9,0
Undervisningspersonale	9,2	20,6	36,7	24,4	17,4	108,3
Assistent	2,3	3,6	9,2	1,4	1,7	18,3
Anna personale i elevretta arbeid	-	-	2,0	1,0	1,7	4,7
Kontor	0,3	0,5	0,9	0,5	0,3	2,5

Tal henta frå GSI (Grunnskolens informasjonssystem)

5.4 Barnehage

Dei to kommunale barnehagane har om lag 60 barn kvar, avhengig av samansetjing av barnegruppa. Vigra barnehage ligg på Roald og organiserer barna i tre avdelingar, medan Giske barnehage vart slått saman med Giske skule til eit oppvekstsenter i 2014. Giske har i dag fire avdelingar.

Nesten 8 av 10 barnehagebarn går i privat barnehage. Vi har to barnehagar med utvida formålsparagraf: Daggrø barnehage på Valderøya og Tryggheim på Godøya. På Valderøya har barnehagekonsernet Gnist barnehager AS to barnehagar, Gnist Nordstrand og Gnist Sætra. Skjong barnehage og Myra barnehage er foreldreeigde.

Barn i barnehage	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunal	116	117	125	124	128	126
Privat	416	421	421	448	448	452
SUM	532	538	546	572	576	578

5.5 Grunnskule

Giske kommune har i dag tre reine barneskular: Vigra skule, Valderøy barneskule og Giske oppvekstsenter avd. skule, ein kombinert skule (1-10) på Godøya og ein rein ungdomsskule (8-10) på Valderøya. I 2018 var kostnaden per elev 111.737 kroner. Landssnittet låg på 113.008 kroner, snittet for Møre og Romsdal var 116.706 kroner. Jf. [Kostra](#)

Giske kommune har har alltid vore langt framme når det gjeld digitalisering i skulesektoren. Vi har no innført nettbrett i skulen - alle elevane har kvart sitt nettbrett. I samband med dette vart det gjennomført eit grundig opplæringsprogram for både leing og tilsette.

Gjennom prosjektet **TALK** fokuserer vi på elevar som er diagnostisert med ASF-H (Autismespekterforstyrrelse, høytfungerende, tidlegare Asperger syndrom). Dette prosjektet har gått i grunnskulen i fleire år, og har no også blitt rulla ut til barnehagane. Vi samarbeider også med helse og omsorgssektoren.

Lærarnormen er no innført. Frå hausten 2019 skal det vere maksimalt 15 elevar per lærar i 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar per lærar i 5.-10. trinn. Denne normen skal sikre at det blir rom for tidleg innsats overfor elevar som har behov for særskilt oppfølging. I statsbudsjettet får Giske om lag 2,4 mill. kroner til dette formålet.

Det er sett i verk eit arbeid for å redusere omfanget av **spesialundervisninga**. Ca. 12 % av elevane får spesialundervisning og 25,2 % av samla undervisningstimane blir brukt til spesialundervisning. Nasjonalt i fjor vart 22,4 % av alle undervisningstimar brukt til spesialundervisning.

Vigra skule og Valderøy ungdomsskule har klare **utbyggingsbehov**, og Godøy skule har stort behov for oppgradering. Det mest prekære behovet er på Vigra. Det er gjort ei førebels utrekning av kostnadene ved tilbygg og oppgradering, men den økonomiske situasjonen kommunen er i, gjer at ei slik utbygging må setjast på vent.

Elevtalsutvikling	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Giske Oppvekstsenter	88	88	92	83	82
Godøy skule	180	186	174	190	199
Valderøy barneskule	437	435	436	431	429
Valderøy ungdomsskule	249	267	266	278	262
Vigra skule	211	208	199	200	205
SUM	1 165	1 184	1 167	1 182	1 177

5.6 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar både norskopplæring og grunnskule og spesialundervisning på grunnskuleområdet for vaksne.

21 personar får for tida opplæring i norsk og samfunnskunnskap. 14 av desse er flyktningar, 7 er innvandrarar med rett og plikt til norskopplæring. Tenesta er kjøpt av Folkeuniversitetet, og undervisninga er lagt til gamle Valderøy barneskule.

Giske kommune har ikkje tilbod til arbeidsinnvandrarar frå EØS-området, som ikkje har rett på gratis opplæring og heller ikkje plikt til å ta norskopplæring. Desse blir vist til ei av nabokommunane våre som har tilbod til betalingslevar.

8 elevar får for tida grunnskuleopplæring for vaksne etter § 4 A-1 i opplæringslova. Denne tenesta blir kjøpt frå Hareid kommune og er lagt til Hareid ressurscenter. Deltakarar i grunnskuleopplæring har rett til gratis skuleskys.

Utfyllande informasjon om skulesektoren er å finne i [Skoleporten](#) og i [GSI \(Grunnskolens Informasjonssystem\)](#).

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2018	Resultatmål 2019	Resultatmål 2020
Brukarar	God kvalitet barnehage	Andel tilsette med barnehagelærer-utdanning	32,39 %	45,5 %	
		Andel tilsette med fagarbeidarutdanning	20,45 %		
	Brukartilfredsheit totalt				
	Grunnskulepoeng	42,7	43	43	
	Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing på 8. trinn (prosent)	75,8	76	76	
Medarbeidarar	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	God kvalitet skule			
		Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning på 8. trinn (prosent)	68,0	70	70
	Elevundersøking trivsel (skala 1-5)	4,3	4,5	4,5	
Økonomi	God økonomistyring	Sjuefråvær eigenmeldt	1,6 %		
		Sjuefråvær legemeldt	4,65 %		
		Avvik i % av vedtatt netto driftsramme	8,13 %	≤ 0	≤ 0